Som innbyggar i Hareid, Ulstein, Sande og Herøy kommune, er det vi i SSR som tek oss av avfallet ditt. Frå juli 2019 hentar vi matavfall kvar 14. dag, medan restavfall, plast og papir vert henta ein gong i månaden. Andre avfallstypar kan leverast på eigne returpunkt eller på ein av dei tre miljøstasjonane til SSR.

## Miljøstasjonane til SSR

Kasserte gjenstandar som er så store at dei ikkje får plass i dunken kan du levere inn på miljøstasjonane våre. Vi oppmodar alle til å levere brukbare gjenstandar som møblar, lampar, bøker og liknande til bruktbutikkar, loppemarknadar, eller annonsere tinga på kjøp og sal-sider.

## Opningstider for miljøstasjonane:

**Saunesmarka (Ulstein og Hareid):**
Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik
Man-tors: 10.00-17.30 og fredag: 08.00-15.00

**Greinplassen Eidet (sesongope):**
Man-tors: 12.00-19.30 og
fredag 08.00-15.00



**Mjølstadneset (Herøy):**
Mjølstadnesvegen 13, 6092 Fosnavåg
Man-tors: 12.00-19.00 og fredag 08.00-15.00

**Myklebustmyrane (Sande):**
Myklebust 223, 6082 Gursken
Tirs og tors: 14.00-19.00

Du kan kontakte SSR
på telefon 70 00 70 50 eller
på firmapost@reinhaldsverket.no



## Når og korleis blir avfallet henta?

Kva dag avfallet ditt blir henta, kjem an på kvar du bur og kva sone du høyrer til. Du finn informasjon om dette på nettsida vår **reinhaldsverket.no**.

På hentedagen, må du plassere avfallsdunkane ved nærmaste veg der renovasjonsbilen kjem til. Ta gjerne kontakt med oss på telefon om du er usikker på kvar du skal plassere dunkane dine.

Plast leverer du i ein blank, knytt sekk som du plasserer ved sidan av papirdunken. Dunkane må ikkje vere overfylte og loket skal vere igjen.
Om du ikkje får plass til avfallet, kjøper du ekstra sekkar frå SSR som du plasserer ved sidan av dunken.






# Velkomen til nabolaget og som abonnent i SSR!

Informasjonsbrosjyre

Norsk

SSR

# Kjeldesorteringsrettleiar for kommunane til **SSR**

SSR

Døme:

| Kategori | Døme | Korleis | Kvar |
|---|---|---|---|
| Matavfall / Våtorganisk avfall | Matavfall / matrestar, skrell; Bleier; Brukte kaffifilter og teposar | Legg i knytte, grøne posar i dunken med brunt lok. | |
| Papir, papp og kartong | Pappkasser, kartong; Papir, aviser, blad; Drikkekartong (mjølkekartong, juicekartong) | Legg laust i dunken med blått lok. | |
| Plast-emballasje | Plastposar, tome plast-beger slik som yoghurt- og rømmebeger plastflasker, rein plast-emballasje for kjøt | Reint, utan matrestar og tørt i knytt, blank sekk. | |
| Restavfall | Øydelagde småting; Skiten emballasje; Bind, q-tips og liknande | Legg i knytte posar i dunken med grønt lok. | |
| Glas- og metall emballasje | Glasflasker, tome syltety-glas; Hermetikk-boksar, metalltuber | Skyl og legg laust i glasiglo | |
| Sko og klede | Sko; Klede (jakker, skjorter og liknande) | Klede og tek-stilar skal vere reine, tørre og i knytte sekkar. | Fretex/UFF-kontainerar |
| Hageavfall | Løv/blad og gras; Greiner | | Greinplass/ miljøstasjon |
| Farleg avfall | Lysstoffrøyr; Batteri; Bilbatteri; Måling og olje | | Ta med til miljøstasjon |
| EE-avfall | Kvitevarer; Tv og dataskjermar; Alt som har gått på batteri eller straum | | Ta med til miljøstasjon |
| Grovavfall / miljøstasjon | Bildekk; Hardplast/plast-møblar; Trevirke; Vindauge | | Ta med til miljøstasjon |